







SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	<p>Introduser timen og start med å sjå Takknemlighet og følelser - YouTube</p>
	<p>Sjå på bilde frå filmen og snakk om det de såg: Kva er det å vere takknemleg?</p>
	<p>Kva kan barn i Noreg vere takknemleg for?</p>
	<p>Valfrie aktivitetar I desse boksene ligg ulike aktivitetar om takksemnd og glede som de kan velje mellom. Dei same aktivitetane ligg på 1.-3. trinn.</p>
<p>Å legge merke til det som er bra kan hjelpe!</p>  <p><small>Mikke Mus Fabelaktige Eventyr Takknemlig for vennskap Disney Junior Norge</small></p>	<p>Sjå Mikke Mus Fabelaktige Eventyr Takknemlig for vennskap Disney Junior Norge - YouTube</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kvifor var Dolly lei seg? • Kva sa vennane til Dolly for å hjelpe? <p>Dolly valte å vere glad og takknemleg i staden for å vere trist, sint eller skuffa, og ho fekk hjelp av vennane sine til å klare det.</p>
	<p>Øv på å takke Start med å introdusere ferdigheita for elevane:</p> <p><i>Når vi takkar nokon som har hjulpet oss eller gitt oss noko, kan det skje to ting som er bra:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Den som gjorde noko fint for oss blir glad og får lyst til å gjere det igjen • Vi får ei god kjensle inni oss <p><i>Det er altså bra både for oss og for andre – så det er lurt å leggje merke til det andre gjer for oss og gir oss, og takke for det.</i></p> <p>Så kan de eventuelt snakke litt om kva det er lurt å takke for, eller spørje om elevane hugsar kva dei takka for sist.</p> <p>Introduser så ferdigheita å takke ved å gå gjennom dei tre trinna. For å kunne takke må vi først leggje merke til at det skjer noko vi kan takke for. Så må vi bestemme oss for å takke. Og når vi takkar, er det lurt å både sjå på den andre, smile eller vise at vi set pris på det, og seie takk.</p> <p>Så kan elevane gjerne øve. Kva kan elevane oppleve i løpet av ein dag som dei kan takke for? (kom på ting saman) Korleis kan dei takke for dette? Øv og vis, og ha fokus på kroppsspråk, blikkontakt og tydeleg takk.</p>
	<p>Til sist ligg det to alternative frosketid-øvingar. Forklaring ligg i boksane.</p>